

Ord og tankar, jola 1943

Prolog på julefesten på Ulla 1943

Ver deg sjølv – i eitt og alt.
Surt er surt – og salt er salt,
og det vil det alltid bli.
Du føddest til jord med din eigen natur,
og den serhått som inst inn i hjarta ditt bur,
vil verta der all di tid.

Ei tid vil du sjølv bli uendeleg stor,
vil bli centrum i verdensaksen,
og kring deg skal sviva den store jord.
Du skal råda og rika i handling og ord,
Men – so ein dag, før du veit, er du vaksen.

Og orda du trudde var gode som få
og sette med givnad saman,
og det som du sjølv gjekk og trudde på,
at det skulde som lyn gjennom verdsrommet gå,
vert mange til lått og gaman.

So vaknar du opp or di blinde tru,
for du merkar at alle dei hine,
gjeng nett med dei same tankar som du,
vil bli hæve og store, og venda og snu
alt etter si eiga mine.

Og ein dag kan du so med visse slå fast
at du vert ingen verdensherre.
Og om ho var sår den vona som brast,
so er det visst ingen som legg deg til last
at du er vanleg menneske berre.

So veks han då fram or ditt unge sinn
den natur som din eigen er.
Og miljøet, lyndet og givnaden din
seg tettare og tettare saman spinn,
og skaper din karakter.

Du herdast og mognast noko med kvart
når livet deg motgang sender.
Men hugs – at skal perla bli blank og bjart,
må ho formast og slipast hardt,
og friast for taggar og tenner.

Din ungdom er våren, det blømande liv,
ein knupp som seg opnar mot ljuset,
med vårbjart fivreld som leikande sviv
og lystigt seg kringom i vårlufta hiv
og syg livskraft av kvar ei rose.

Og ungdomshugen er vårflaumen strid
som brålyndt frå fjellet sprengjer.
Du kan tøyma og demma han opp for ei tid
men han fossar snart atter frisk og fri,
og riv undan alt som stengjer.

Ja, ungdomshugen er rastlaus og brå,
men samstundes var og vaken.
han er kravstor og hæken, og heit i si trå,
han ventar å finna og krev å få sjå
sanninga heilstøypt og naken.

Dei strir om vår ungdom, dei lovar og lyg,
dei ulike makter på jorda.
Dei et seg innpå han, dei smeikjer og smyg,
dei skræmer og trugar, dei tappar og syg,
og er alltid so hæve i orda.

Dei set opp paragrafar, dei lagar program,
om velstand og velferd dei pratar.
Dei skal redde vårt samfund frå skjensle og skam,
skal lyfta oss alle og føra oss fram,
men – slik det deim sjølve batar.

Dei krigar om gullet, om daud kapital,
om varer og vekslar og rikdom.
Men for folket dei set opp eit høgt ideal
som dårå og blenda og hugvenda skal
den godtrugne søkjande ungdom.

Han kastar seg ut i den ville strid
mot ein urett han meiner å bøta.
Han ofrar sitt beste, han brukar sin flid,
lyt lida og tola, og bløda og svi,
og jamt berre motgang møta.

Men gulltrollet sit på sin stol so trygg
og vel over mugen må vaka,
som trælår og balar og bryt og bygg,
med verkjande armar og krokut rygg,
og knapt hev smøret på kaka.

Eg ser over verda den trælånde mug
av utslitne kvinner og menn
som sleit for å fylla det gapande sluk
som tok alt dei hadde med gløypande hug,
og glefste med eitrande tenner.

Og Ola Nordmann han kryp og smyg,
læt seg kalla husmann og "bone".
Han viker tilsides, er varsam og blyg.
For å tena ein skilling han flaksar og flyg,
og sel si sjel for ei krone.

Medan jorda flyt over med klæde og mat,
og alle lager er fulle,
sit mange og starvar kring tome fat,
og folka fyk saman i krig og hat
og strider om makta og gullet.

Dei bygg seg opp byar med veldige hus,
det er notidas babelstårn.
Dei frotsar og lever i sus og dus,
og ein dag – før dei veit – ligg det heile i grus
over lika til kvinner og born.

Å, kunde du rivast or folka si sjel
du Mammons fortærande makt.
Å, kunde me lyfta kvar jordbunden træl
mot ljuset og dagen, då lukkast det vel
å retta på mang som er skakt.

Då kunde vår ungdom få ljosare kår
og plass for sin eldhug og givnad.
Då kunde me tru på ein folkevår
med vokstervilkår i komande år
med framgang og fred og trivnad.

Som nyårsynske me alle bed
at den blømande ungdom i landet,
som vonar og ventar, og alltid seg gled,
må møta i ei framtid i velferd og fred
som bygg på det ekte og sanne.

Tekst: Johan Bernt Ulla